

REGISTRERINGSSKJEMA og SAMTYKKE TIL HANDSAMING AV PERSONOPPLYSINGAR

Til

Alle som i løpet av gudsteneste, gravferd, vigse, konsert eller andre arrangement i Jondal kyrkje kjem til å verte synlege i kamerabletet som vert streama.

Kamerabletet viser tekstpult, kordelen, kortrappa, preikestol og eit skråfelt frå kortrapp og mot høgre side, der ofte piano og andre instrument er plasserte under arrangement.

NB! Dersom ein ikkje samtykkjer, går ein ikkje fram i kamerasona under arrangementa, men held seg i kyrkjeskipet, helst frå 2.benk og bakover. Då unngår ein å vere synleg på streaming & evt. opptak.

JONDAL KYRKJE HAR MONTERT KAMERA SLIK AT BENKERADENE IKKJE ER SYNLEGE. KAMERABLETET ER STILT INN PÅ DET SOM SKJER I KORDØRA OG FRAMME I KORET.

Gudstenesta og kyrkjelege handlingar er sentrale for kyrkja. Ei rekkje medlemmar av kyrkja kan ikkje vere fysisk tilstades i kyrkjebygningen, til dømes fordi dei er langt unna eller bur på institusjon. For at også dei skal kunne nytte retten sin til å utøve religion og overhalde religiøse skikkar, overfører kyrkja gudstenester via internett (strømming).

For personar som medverkar i gudsteneste og andre arrangement vil slik strømming kunne føre til at andletet er gjenkjenneleg på overføringa. Dette vert definert som deling av personopplysing, og me må be om samtykke til dette. Filming skjer når ein er framme i kyrkja, i kordør og i kyrkjekoret, der mellom anna prest, kløkkar, tekstlesarar, dåpsfølgje, nattverdgiestar, konfirmentar, kantor, kor, musistar og gudstenestedeltakarar som gjev takkoffer på altaret kan vere framom i løpet av gudsteneste eller andre kyrkjelege handlingar og arrangement.

Gudstenestene (og etter avtale, andre arrangement) i Jondal kyrkje vert overført til Vikevollen på www.jondalkyrkje.vossaskyen.no, og ein finn også link til streaminga på www.jondalkyrkje.no under info om gudstenester og andre arrangement.

Nokon arrangement vert berre streama som direktesending, nokon arrangement vert kanskje også lagra som opptak på ein PC i kyrkja for ei tid, og nokon arrangement vert laga som videoar som kan delast på kyrkja si heimeside og facebookside for ein periode.

Eg samtykker med dette at mine personopplysingar vert handsama slik som sagt ovanfor.

Fullt namn	Telefon	Signatur – av føresett for unge under 18år	Dato for samtykke	Samtykker ikkje